

KIRKEBLAD

FOR

DAVIK

Nr. 50	Utkommer hver måned	November 1934	Utgiver og redaktør: Sogneprest Slaattelid Davik	5. årg.
--------	---------------------	---------------	--	---------

Bønn.

Barmhjertige evige Gud, du som ikke sparte din eneste sønn, men gav ham hen for oss alle, så han skulde bære vår synd på korset: Giv oss, at vårt hjerte må stå fast i troen på Ham, så vi aldri blir motløse eller fryktaktige. For din Sønn, Jesu Kristi skyld. Amen.

Det me treng.

Me stolte mannsborn alle
so djupt i synd hev falle,
og lite rekk vårt vit.
Med våre kunster mange
og mål og vegar lange
me berre lenger burt oss slit.

Gud lat oss sjå di frelse
og vinna sjelehelse,
ei etter fåfengd trå!
Me treng eit einfelt hjarte
og barneaugo bjarte
som upp til deg i tru kan sjå.

Når so vår tid er enda,
og du vil bod oss senda,
lat oss få lovna blidt.
Til deg i himmelheimen
tak oss frå jordlivs-sveimen
når me vår tenest ut hev stridd.

Frå Nynorsk salmebok.

Herren er der.

På ethvert sted hvor jeg lar mitt navn ihukommes, vil jeg komme til dig og velsigne dig. 2. Mos. 20, 24.

Mange eller få, fullt hus eller tomme benker i kirke eller bedehus, — *Herren er der.*

Maria stod og gråt ved graven, fordi Herren var tatt bort. Og — så stod han

der! Hun kjente ham bare ikke og så ham ikke. Slik er det på hvert sted hvor Herrens navn ihukommes. Han er der. Usett. Ofte ukjent. Men derfor like virkelig. Det er i sin *kjærlighet* han er der. Kjærligheten tvinger ham til å være med, hvor der arbeides for ham. Der er han den som arbeider mest. Han kjennes ikke av verden. Men han kjennes, hvor sjelens dypeste lengsel søker ham, — hvor en sjel i taushet skriker etter ham.

Han er i sitt hus i evangeliet. Det er han som er evangeliets kraft. — Han er i sitt hus i dåpen. Det er han som er dåpens kraft. — Han er i sitt hus i nadveren. Det er han som er nadverens kraft.

Han er der med *nåde*. Nåde for den lengtende synder. »Nåde, nåde utan ende, å kor er Guds nåde stor.« — Han er der med sitt *lys*, for å kaste håpets stråler inn i det urolige tvilende hjerte. Hvor Herren i sitt hus ofte kan sprede tvilens tåker. — Han er der med sin *kraft*. Hans kraft er ennu virksom til å helbrede. Luk. 5, 17. Fikk du aldri kraft fra Jesus i hans hus? — Han er der med sin *tukt*. Du var der og så kom han og åpenbarte gjennom sitt ord din synd for dig. Og tukten drev dig til Jesus. — Han er der med sin *trøsts* lækende balsam, som læker sjelens sår.

»Var vi på jord ei mer enn to«, — Jesus var der som tredjemann. »Bygge dog vilde han og bo hos oss med hele sin nåde.«

Efter pastor Dreyer.

Tankar um dåpen.

I våre dagar vert dåpen ofte lite vyrd i forkynningi og trengd til sides. Fylgjeleg har synet på dåpen vorte uklårt og famlande hjå kristenfolket. Mange, særleg

unge kristne, kjem lett på rek. Og gjendøyparar og andre som frihuga talar med vanvyrndnad um den kristne barnedåpen, finn lydhøyre øyro. Vi lyt vakna og læra å verdsetja Herrens gåve til oss i dåpen, elles kan vi missa henne.

Men skal dåpen få det rette rom i forkyning og trudomsliv, so lyt kristenfolket jamt over få eit klårare syn både på frelsa av nåde og på det naturlege menneskje.

Mange meiner at menneskjet lyt verta vakse for å tru og få liv i Gud. Dei held for at umvending og tru er eit sjeleleg krafttak, og det krevst både medvet og sterk vilje um det skal lukkast. Men det vesle barnet har ikkje vilkår for å få dette til. — Dette er ei gamal villfaring som alt i den fyrste kristne tidi heldt på å snika seg inn. Sanningi er, at menneskjet kan ikkje gjera noko til frelsa sjølv. »Ingen kan koma til meg utan at Faderen har drege han«, seier Jesus. Og vi vedkjenner sjølve at vi ikkje ved eigen styrke kan tru på Jesus; den Heilage Ande lyt hjelpa oss. Det er Gud åleine som frelser. Og maktar han å føra ein vaksen til Kristus, so vinn han gjera det med barnet og. Umvending og tru er ikkje noko vaksenmanns-krafttak som Gyd lyt ha til hjelp for seg. Men det er djupast inne einstyddande med å verta hjelpelaus som barnet, slik at Gud kan få frelsa, han åleine. Difor seier Jesus: »Vender de ikkje um og vert som born, so kjem de aldri inn i himmelriket.« So veldig er frelsa av nåde i Jesus Kristus, at menneskjet kan ikkje sjølv gjera minste grandet, men berre lata seg frelsa.

Endå verre er villfaringi når det gjeld synet på det naturlege menneskje. Tidt vert det sagt og oftast tenkt, at barnet treng ingen dåp. Det er ein skuldlaus Guds skapning. Den vesle er eit Guds barn utan vidare. — Denne læra er tiltalande, for ho høver so vel med vår eigen tanke, men det er i røyndi den skire rasjonalisme. »Det som er født av kjøtet er kjøt.« Og »kjøtsens trå er fiendskap mot Gud«. — Sjølv livsretningi i barnet er innstilla mot Gud. Difor seier Bibelen: Vi er av naturi vrei-dens born. Syndi er ikkje fyrst og fremst medviten vondskap i tanke og åtferd, men den forvrengde grunnhåttan i oss. Og vi er alle like av naturi; år og levedagar gjer

ingen skilnad. Utan ein vert fødd på nytt, fødd av vatn og ånd, kan ingen koma inn i Guds rike. Dette gjeld barnet og. Og småborni er hjelpelaus og skikka til å ta imot frelsa av nåde. Difor seier Jesus: Hindra dei ikkje! Lat dei koma til meg og ta imot Guds rike, som nettupp er for slike.

Likesæla for barnedåpen heng saman med ei uheil og veik syndekjensle, — ei mis-kjenning av eit menneskje i seg sjølv er heilt fortapt. Vi har og andre døme på at syndekjensla er grunn og uklår hjå oss. Vi finn ikkje den djupe syndenaud og harde botskamp i vekkjingane no slik som tidlegare, seier dei gamle. Og der er ikkje slik styrke og heilagt ålvor over kristenlivet.

Vi lyt vekkjast til djupare syndekjensle og verdsetja meir Guds *nyskaping* i dåpen.

Etter sokneprest **Madland** i »Dagen«.

Fra Claus Frimanns salmer.

3. søndag i advent.

(Mel.: Mig hjertelig nu Jenges).

Se Sions sol opprinner,
hvor blid fremstråler den!
Hver skygge nu forsvinner,
hin makt er veken hen.
Vær, store lys, tilbedet
og han som dig har sendt.
Din salighet utbredet,
din guddom vorde kjent.

Du kom å vederkvege,
å tørre tårer av.
Du kom de sår å lække
som slangebrosden gav.
Til arme, blinde, svake,
det budskap bæres om,
at lys og liv tilbake
ved dig til verden kom.

Kom oppgang av det høie
som ser til arme ned.
Opklar du selv mitt øie
å se den salighet,
mig Gud i dig beredde!
Jeg uten dig er blind.
Strål du da til min glede
mig i mitt hjerte inn.



Våre døde.

28. sept.: Olav Kristensson Thuen, ug. fiskar, f. 1895; tæring.
2. okt.: Kari Steffensdtr. Fagerlid, kårenkje, f. 1855 på Isane; alderdom.

1. okt.: Berte Jakobsdtr. Hagelund, kona til Peder Hagelund, Bryggja; f. 1858 i Gillesdal; lungebetendelse.
4. okt.: Katrine Monsdtr. Nybø (Rimstaddalen), kårenkje; f. 1855 i Endal; krefft.

Mold er du og til moldi skal
du attende. I. Mos. 3, 19.

Gudstenesta.

5. Inngangsbøni.

Etter præludiet tek so gudstenesta til. Kyrkjedøri skal vera stengd under altartenesta, so det vert stilt og ingenting forstyrar. Presten ligg på kne fram for altaret, og so les klok karen inngangsbøni. Sume stader, serleg visstnok i byane, brukar dei i staden *still* bøn; kvar einskild skal be stilt for seg sjølv. Eg trur ikkje, at det i vanlege kyrkjelydar vil vera nokor vinning å ta burt den gamle inngangsbøni.

Her er no ein overmåte viktig ting å strika under. Vi har mykje bøn i våre gudstener: inngangsbøni, syndsvedkjenningi, gloria, kollekten for dagen, kyrkjebøni, nattverd bøn, nattverdlovprisning, slutningskollekt, utgangsbøn. Og det er jo naturleg, for bøni er kristenlivet sitt andrag, absolutt naudsynleg i alt sant gudsliv. Difor er det rimeleg, at gudstenesta er full av bøn. Men so gjeld det um å hugsa på: Heile kyrkjelyden, kvar enkelt, alle saman, må vera med i desse bønene. Det er ikkje klokke eller prest åleine som skal be dei, medan dei andre sit og høyrer på — eller ikkje høyrer på. Nei, alle skal fylgja med, verkeleg *be* dei med hjarta, tenkja over og vera med i ordi, kvar for seg. Berre då kan gudstenesta verta det ho skulde vera. Dette å bruka faste, skrivne bønner finn vi jo alt i Guds ord. Vi har Davids salmar t. d., som det gamle Israel nytta ved sine gudstener. Og Jesus har sjølv lært oss Fadervår. Bønene under gudstenesta er gamle; dei har vore bedne av ætt etter ætt av kristne, i mange hundrad år. Og dersom vi verkeleg fylgjer levande med i dei, so vil vi og meir og meir få uppleva kor rike dei er av innhald og kraft. Alle verkelege kristne, alle de som brukar å be, — de skulde leggja stor vekt på dette, de skulde venja dykk til dette: å fylgja med i desse bønene i kyrkja og i sanning *be* dei. De vil ha rik velsig-

ning av det. Ei hjelp til dette er, at ein sjølv leitar upp bønene i tillegget til salmeboki og fylgjer med der etterkvart som dei vert lesne høgt. Då vert det lettare å vera med, og det hindrar tankane i å fly hit og dit. —

I inngangsbøni segjer vi fyrst kvifor vi skal koma til kyrkje. Det er ikkje fordi det er skikk og bruk for ordentlege folk. Det er heller ikkje for å høyra kva ein talar har å seia. Nei, seier bøni: det er for å høyra kva Gud vil segja til oss og leggja oss på hjarta, — den treeinige Gud, Faderen. Sonnen og den Heilage Ande, — skaparen, frelsaren, trøystaren. Det er dette som vi alltid skulde hugsa på: Når vi les eller høyrer Guds ord, so er det Gud sjølv som vil tala til oss gjennom menneskjeordi, og denne Guds tale gjeld det for oss å få tak i og ta imot. Men det må Guds ånd hjelpa oss til og difor bed vi i bøni, at han må lata upp våre hjarto. Då kan ordet få utføra si gjerning: læra oss å syrgja over vår synd, tru på Jesus og betra oss i ein heilag livnad, d. v. s. meir og meir leva etter Guds vilje. — Dette er innhaldet av inngangsbøni. Ein kan ikkje på ein klårare måte seia kva som er Guds ords gjerning.

Lat oss vera med og verkeleg, i sanning, *be* denne bøni, når gudstenesta byrjar.

Notisar.

Davik skulestyre har vedteke etter tilråding frå alle 3 soknerådi, å innføra i skulane Vogt's bibelsoge ved Holsvik; det er ei umarbeiding av den gamle Vogt's som ikkje lenger vert å få i bokhandelen. — Til lærar i Gangsøy—Oldeide—Tyingvåg vart sett Johannes O. Hatlegjerde frå Kjøltsdal. Han er fødd 1901, tok eksamen i 1926 ved Nesna lærarskule og har vikariera på ymse stader i heradet i tilsaman ikr. 4 år. — Til hjelpe-lærar på Torheim vart for dette skuleåret konstituera Karl Hatlegjerde, fødd 1903, eksamen 1927.

Kyrkje i Kjøltsdal. Eg skreiv etter visitasen til biskopen um dette spursmålet. Og det syner seg som eg tenkte, at han ikkje på nokon måte er imot denne saki. Han skriv, at »der naturlegvis ikkje vil bli lagt hindringer i veien for tillatelse til å bygge kirke der« og: »Jeg skal selvsagt gi saken all mulig støtte.« — Han fortalde, at det nyleg var bygt ei kyrkje ein stad med 300 sitjeplassar, og kostnaden var 18 000 kr. Då skulde det ikkje vera so lenge att, fyrr kyrkja i Kjøltsdalen kjem.

1930
 »Piken fra landet« av Johanne Bakke fra Davik, er nylig come ut på Lundes forlag i Bergen. Det er ei forteljing um ei ung, tapper gjente som fra laudsbygd kjem inn til hovudstaden og um hennar opplevingar der. Det er ei pen lettskrivi liti bok som alle vil ha hyggje av og som alle ungdomar i heradet burde lesa.

Gudstenester og sundagspreiker.

25. sund. etter treein., 18. nov.: Davik og Isane.
 26. sund. etter treein., 25. nov.: Aalfot og Kjølsdal.
 1. sund. i advent, 2. des.: Rugsund og Davik.
 2. sund. i advent, 9. des.: Totland og Hennøy.
 3. sund. i advent, 16. des.: Davik og Torheim.

For 100 år sidan. Døde: 3. nov. 1834 Niels Jacobsen Rødeggen, 77 år. 7. nov. Hans Steffensen Hessevaag 74 år. 18. nov. Christen Erichsen Nave, kaarmand, 82 år. — Ektevigde: 15. nov. Arne Johnsen Berge (Innvik), 28 år, og Malene Indre Davig, 32 år, dotter til Lasse Andersen Indre Davig.

Kvittering for kontingent. Aalfot: Ole H. Myklebust 3 kr. — Isane: R. Isehaug 2. — Davik: Helga Lien, Peder A. Aase 2; Edvard Bakkelid 5; Simon J. Indredavik 3. — Bortne: Andreas Egge 2; J. Muri 3; Anne H. Bortne 1.50. Nordstrand: Anders H. Eldevik 2. — Rimstad: Ingeborg Rimstad 2; J. Runshaug 3; Kristine Myklebust 1.50. — Maurstad: Albert Sollibakke 2. — Haus: Lars Gillesdal 2. — Utanbygds: Kristine Lutenthun 4; fru Hyldmo 3. —

Hjarteleg takk til alle.

Kun 28 år!

Han var syk da han kom i havn, og medisinen som lægen hadde gitt ham synes ikke å nytte. Maven i uorden og nogen forkjølelse, og så blev han lagt op på sjømannshjemmet, mens skibet losset, for lægen mente så sikkert, at han til den tid vilde være »all right«, så han kunde gå ombord igjen og følge med hjem til Sverige. Men sykdommen blev verre, feberen var stadig over 39, og han måtte på sykehuset, mens skibet, hvis fører han var, seilte hjem uten ham.

»Å, hvad vil mor si?«, sa han. Nylig hadde hun mistet sin mann, som var bragt ifland på et norsk sykehus og var død der, — og nu lå hennes eneste sønn og forsørger her på sykeseng i Danmark.

»Men mor lever med Jesus«, la han til.

»Ja ja, så går det vel enda, selv om det er svært, — men hvordan er det med Dem selv?«, sa jeg.

»Ja, jeg kjenner veien. Mor har vist mig den, men jeg har aldri vandret på den.« Det kom så ærlig, og nogen dager senere sa han: »Å, De må hjelpe mig, så jeg får min sjel frelst. Til Sverige kommer jeg visst aldri levende, men jeg vil hvile i svensk jord. Men om jeg bare får min sjel frelst, så er alt godt.«

Vi bad sammen, vi leste Guds ord sammen, og Guds trofaste ånd arbeidet, alt mens lungebetendelsen forverredes. — Vi måtte telegrafere efter slekten og underlig var det at samme dag hans mor kom, slog der sig tyfus til, så hun kun en eneste dag kunde være riktig sammen med sin sønn. Jeg så henne gå til og fra sykestuen, denne elskelige kvinne, hvis åsyn var så velsignet preget av Guds fred, og hun var helt fortlølig med at det gikk mot døden. Hun sang sitt barn i søvn og møtte hans våknende øine med et smil, som hun sat der i den hvite hospitalsdrakt. Og for den unge kaptein blev mors ord om Jesus det som stillet sjelen tilfreds, så han lå der så stille og fredfullt. Hans store smerte var: »Akk, så lite der er kommet ut av mitt liv; jeg har kun levet for verden.« Sykdommen tok til, han blev uklar og fantaserte. Han drømte at kameratflokken var på besøk og vilde ha ham med sig, men da sa han så høit at det hørtes over hele rummet: »Nei, jeg kan ikke gå med dere, jeg er et Guds barn.«

Så ebbet livet ut, til sist var hans kraft opbrukt, der var kun lite tilbake av den sterke, unge kaptein. Stille kom døden, — hans ansikt var som et stivnet smil; der var himmerikes glans over det, og derfor var der, tross alt vemod, glede ved å følge efter den med det svenske flagg dekkede kiste og besørge den hjemsendt til den lille by i skjærgården. —

Underlig vemodig er dette: Kun 28 år! Og så: »Der kom så lite ut av mitt liv.«

Fra »Redningsbåten«.

Det er bedre å kjempe for det gode enn å klage over det onde.

*

Den urolige samvittighet er Guds banken på hjertets dør, hvor han vil gå inn.